



# NOREGS HØGSTERETT

Den 23. mars 2018 vart det av Høgsteretts ankeutval med dommarane Endresen, Matheson og Høgetveit Berg i

**HR-2018-581-U, (sak nr. 18-045090STR-HRET), straffesak, anke over orskurd:**

A (advokat Arild Christian Dynbgeland)

mot

Den offentlege påtalemakta (politiadvokat Bernt Kallevik Dahlsveen)

sagt slik

## O R S K U R D :

- (1) Saka gjeld rettsleg prøving av vilkåra for utlevering til Polen, jf. utleveringslova § 17 nr. 1.
- (2) A, fødd 00.00.1972, flytta frå Polen til Noreg i 2011, og har sidan budd og arbeidd her.
- (3) Før han kom til Noreg vart A dømt til fengsel i 9 månader for narkotikabrotsverk, ved dom frå Sad Rejonowy w Gryfinie (Gryfino tingrett) 29. juni 2009. I den norske omsetjinga av dommen som er vedlagd kravet frå polske styremakter om utlevering, går følgjande grunnlag for domfellinga fram:
  - "3. **I perioden fra mars 2008 frem til den 4. oktober 2008 i Gryfino, før utlop av 5 år fra den 3 års strafferamme i perioden 06.09.2003-27.10.2004 som den 13. oktober 2003 var i saken II K 90/03 med hjemmel i lov fra den 24.04.1997, art. 43 stk 3, art 48 stk 1 om bruk av bedøvende midler, blitt avsagt av Herredsretten i Gryfino, med vilje og flere ganger, mot gjeldende lovforskrifter om bruk av bedøvende midler, tilbød bedøvende midler til nedennevnte personer:**
    - **I perioden fra mars 2008 frem til oktober 2008 var det seks ganger at han tilbød bedøvende midler – marihuana i ubestemt vekt – til C.**
    - **I perioden fra august 2008 frem til september 2008 var det tre ganger at han tilbød bedøvende midler – marihuana i ubestemt vekt – til D."**
- (4) Polske styresmakter har kravd A utlevert til Polen for fullbyrding av straffedommen. Saka vart sendt frå Justis- og beredskapsdepartementet til Riksadvokaten 13. juli 2016 med krav

om utlevering. Saka vart deretter sendt via statsadvokaten i Hordaland til Vest politidistrikt, som fremja krav for Bergen tingrett for rettsleg prøving, jf. utleveringslova § 17.

- (5) Påtalemakta gjorde gjeldande at det forholdet som A er domfelt for i Polen, etter norsk rett ville ha blitt ramma av straffelova 1902 § 162 første ledd og straffelova 2005 § 231. Etter utleveringslova § 3 nr. 1 er det eit vilkår for utlevering at handlinga eller ei tilsvarande handling kan føre til fengsel i meir enn eitt år.
- (6) Då saka vart handsama i Bergen tingrett 22. februar 2017 første gongen, vart det reist spørsmål om det forholdet A er dømt for berre ville ha blitt ramma av legemiddelova § 31, som i første og andre ledd har ei strafferamme på under eitt år. På den bakgrunnen vart saka utsett etter utleveringslova § 17 nr. 2 siste setning. Etter nye munnlege tingingar, sa Bergen tingrett orskurd 21. desember 2017 med slik slutning:

**"Vilkårene for utlevering av A f. 00.00.1972 er til stede."**

- (7) Tingretten la til grunn følgande om det forholdet A er domfelt for:

**"For tingretten forklarte A at han på den tiden arbeidet i Tyskland, når han reiste hjem til Polen tok han med seg marihuana som han fikk fra en kollega. Ved seks anledninger var han sammen med C som var hans daværende kjæreste hvor stoffet ble røykt. Ved tre av disse anledningene var også hans kamerat D til stede. Før de røykte gav han stoffet til C som tilberedte det slik at de kunne røyke det. Retten oppfatter at det hver gang medgikk 0,5 til 1 gram marihuana. A har gitt samme forklaring i politiavhør den 01.11.2007 hvor han forklarte at han kjøpte marihuana i Tyskland hvor han arbeidet på den tiden og at det var han som tilbydde narkotika til de andre."**

- (8) A anka til Gulating lagmannsrett, som i orskurd 25. januar 2018 forkasta anken. Lagmannsretten uttalte følgande om lovbruken:

**"A er dømt for annet og mer enn egen besittelse og egen bruk av narkotika. A lot to andre mennesker – C og D – få være med på narkotikabruken ved å la dem røke av marihuanasigaretten. Seks ganger delte han narkotika med C, og tre ganger med D. Å vurdere eierskifte i relasjon til en sigarett som røkes opp – forbrukes – er trolig lite veiledende. Hovedpoenget er at A tilgjengeliggjør narkotika som han lar to andre mennesker være med å forbruke / bruke opp ved hele ni anledninger i alt."**

**Lagmannsretten finner på denne bakgrunn at det ikke innebærer noen uriktig lovanvendelse fra tingretten når forholdet henføres til straffelovens virkefelt."**

- (9) A har anka over lovtolkinga. Han har gjort gjeldande at å dele marihuanasigaretter ikkje er ei overdraging som er narkotikabrotsverk etter straffelova. I tillegg er det i slike tilfelle inga fare for spreieing. I lys av den politiske utviklinga i Polen vil utlevering uansett vera i strid med grunnleggande humanitære omsyn.

- (10) A har sett fram slik påstand:

- "1. Begjæring om utlevering tas ikke til følge.**
- 2. Subsidiært: Lagmannsrettens og tingrettens kjennelser oppheves."**

- (11) *Påtalemakta* har gjort gjeldande at lagmannsrettens lovtolking er korrekt. Det er særleg vist til at handlinga representerer ei spreieing eller fare for spreieing av narkotika. Utlevering vil ikkje

vera i strid med grunnleggande humanitære omsyn, særleg fordi dommen som gjev grunnlag for kravet om utlevering er frå 2009.

- (12) Påtalemakta har sett fram slik påstand:

**"Anken forkastes."**

- (13) *Høgsteretts ankeutval* kan berre prøve lagmannsrettens sakshandsaming og lovtolking, jf. straffeprosesslova § 388 første ledd. Når det gjeld forholdet til Grunnlova og til Den europeiske menneskerettskonvensjonen kan utvalet også prøve den konkrete rettsbruken, men ikkje provvurderinga.
- (14) Det følgjer av utleveringslova § 3 nr. 1 at utlevering berre kan skje "når handlingen, eller en tilsvarende handling, etter norsk lov kan medføre fengsel i mer enn 1 år". Spørsmålet er om forholda som A er domfelt for, ville ha falle inn under reglane om "besittelse og bruk" i legemiddelova § 31 eller om forholdet ville ha falle inn under vilkåret "overdrar" i straffelova 1902 § 162 første ledd, som svarar til straffelova 2005 § 231 første ledd.
- (15) Med unntak av opplysninga om innførsel frå Tyskland, legg utvalet til grunn at det som over er sitert frå tingrettens orskurd er ei presisering av kva som ligg i den polske dommen, og at dei faktiske forholda ikkje går ut over domfellinga. Korkje tingretten, lagmannsretten eller den polske domstolen har presisert noko om kvar narkotikabruken skjedde. I politiavhøyr har A gjeve uttrykk for at det skjedde heime hos han og hans dåverande sambuar. Ankeutvalet kan ikkje sjå at noko anna er lagt til grunn i den polske dommen.
- (16) I Rt-1986-171 vart det rekna som straffbar overdraging at den domfelte hadde stukke til ein kamerat et lite kvantum marihuana i en situasjon der han sjølv var i ferd med å bli pågripen av politiet:

**"Lagmannsrettens rettelser er også på dette punkt protokollert og lyder slik:**

**'At den form for overdragelse som er omhandlet i narkotikaforskriftene er meget vidtfavnende og oppfanger de forskjellige former for spredning eller overleveringer som medfører fare for spredning. Hvis lagretten skulle legge til grunn at tiltalte overleverte det lille marihuanaparti til B fordi tiltalte forsto at han straks ville bli pågrepet av politiet, og derfor levte partiet for å skjule at han hadde narkotisk stoff, skal lagretten likevel svare ja. Ved tiltaltes overlevering har det allerede skjedd spredning eller fare for spredning, og det er uten betydning om tiltalte mente at kameraten bare skulle oppbevare stoffet til tiltalte ble løslatt.'**

**Jeg er enig i det som her er uttalt. Straffebestemmelsen i § 162, slik den lyder etter lovendringen 8. juni 1984, retter seg mot den som blant annet ulovlig 'overdrar' narkotika. At det ikke er noe vilkår at overdragelsen skjer mot verderlag, må være klart, og skal straffebudet oppfylle sitt formål, antar jeg at det må være tilstrekkelig at besittelsen av stoffet og dermed kontrollen over det er blitt overlatt til en annen, selv om han bare skal oppbevare stoffet en kortere tid. Det lagmannen uttaler om spredningsfaren, taler etter min oppfatning for en slik forståelse."**

- (17) Etter ankeutvalets mening kan "overdrar" i straffelova 1902 § 162 første ledd, som svarar til straffelova 2005 § 231 første ledd, ikkje tolkast slik at det omfattar å dele marihuanasigarettar med fleire. Ut frå det som er sitert frå Rt-1986-171 krevst det noko meir. Kontroll og fare for spreing er sentrale moment.

- (18) Det er naturleg å ta utgangspunkt i kva for rådvelde A hadde over stoffet. Spørsmålet er om det vart gjeve til nokon annan på ein slik måte at A ikkje lenger hadde den umiddelbare kontrollen over det. Slik dei faktiske omstenda er i vår sak, er det ikkje naturleg å karakterisere handlingane som ei oppgjeving av rådveldet og kontrollen – i motsetnad til i den nemnde dommen.
- (19) Det forholdet at sambuaren gjorde klart stoffet før bruken, kan ikkje rokke ved dette. Stoffet kan ikkje seiast å ha kome bort frå As rådvelde eller kontroll før det vart røykt.
- (20) Når delinga skjer medan brukarane er i det same rommet, og stoffmengda er så liten som 0,5 til 1 gram, er det heller ingen særleg fare for spreining.
- (21) Dei forholda som A er domfelt for, ville såleis falle inn under legemiddelova § 31, men ikkje inn under straffelova 1902 § 162 første ledd tilsvarande straffelova 2005 § 231 første ledd. Handlingane han er domfelt for kan etter norsk lov ikkje medføre fengsel i meir enn eitt år. Kravet om utlevering må då forkastast, jf. utleveringslova § 3 nr. 1.
- (22) Avgjerda er samrøystes.

## S L U T N I N G :

Kravet om utlevering av A blir ikkje teke til følgje.

Wilhelm Matheson  
(sign.)

Clement Endresen  
(sign.)

Borgar Høgetveit Berg  
(sign.)

Riktig utskrift: